

Saksframlegg

Saksbehandlar: Helga Bjørkhaug, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/2187-3

Val av styremedlemer og styreleiar til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival 2017 – 2018

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Som medlemer til styret for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i 2017 – 2018 vert valde:

Medlem:

Vara:

Medlem:

Vara:

Medlem:

Vara:

Som styreleiar for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival vert vald:

Vedlegg:

1. Vedtekter

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival (Førdefestivalen) er organisert som ei stifting med følgjande stiftarar:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Førde kommune
- Sunnfjord Næringsutvikling
- Førde ungdomslag
- Indre Sunnfjord Spelemannslag
- Sogn og Fjordane Folkemusikklag
- FolkOrg (tidl. Landslaget for spelemenn)

Stiftinga skal ha eit styre på sju medlemer med personlege varamedlemer, valde for to år om gongen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal oppnemne tre medlemer med varamedlemmer til styret. Valretten er delegert til hovudutval for næring og kultur som og skal peike ut styreleiar.

Førde kommune vel eitt styremedlem m/vara. I tillegg vel representantskapet tre styremedlemmer med vara. Styret vel sjølv nestleiar.

I samband med avviklinga av knutepunktordninga, har det også vore drøfta om det skal skje endringar i styreoppnemning. Det er så langt ikkje teke standpunkt til dette, og fylkesdirektøren legg difor til grunn at fylkeskommunen oppnemner styremedlemmer/styreleiar slik vedtektene for Førdefestivalen seier.

Styret for Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival har vore slik samansett i 2015 – 2016:

Styreleiar:	Kristin Hille Valla
Nestleiar:	Ivar Svensøy
Styremedlemer:	Mari Andrea Ness, Trude Skarvatun, Arild Herstad, Arne M. Sølvsberg og Dagfrid Brevik
Varamedlemer:	Kjetil Solvik, Margunn Masdal, Gabriela Lukassen, Trond Ueland, Magnus Hope, Synnøve Bjørset og Liv Judith Straume.

Dei tre styremedlemane fylkeskommunen skal oppnemne til styret, inkludert varamedlemane, er på val no. Etter vedtektene kan ingen sitje samanhengande som styremedlem meir enn 8 år. Kristin Hille Valla og Mari Andrea Ness har begge site samanhengande i 8 år og kan såleis ikkje veljast på nytt.

Desse vala skal gjerast no:

- Medlem: Kristin Hille Valla, (site i 8 år) vara: Kjetil Solvik
- Medlem: Ivar Svensøy, (site i 6 år) vara: Margunn Masdal
- Medlem: Mari Andrea Ness, (site i 8 år) vara: Liv Judith Straume

Hovudutvalet skal i tillegg peike ut styreleiar.

Funksjonstida er ifølgje vedtektene 2 år, og vil gjelde f.o.m. 01.01.2017 t.o.m. 31.12.2018.